



# Høgskulen på Vestlandet

## Profesjonsfag 4: Bacheloroppgave

FM3-BAC-15

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	05-05-2022 09:00	<b>Termin:</b>	2022 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	19-05-2022 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 FM3-BAC-15 1 OM-1 2022 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Naun:</b>	Bjørnar Sandvik Førde
<b>Kandidatnr.:</b>	409
<b>HVL-id:</b>	180833@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	"Koronakorpset" - Ei kvalitativ undersøking av tre skulekorpdirigentar sine pedagogiske erfaringar knytt til å oppretthalde aktivitet under ein global pandemi
<b>Antall ord *:</b>	8577

**Egenerklæring \*:** Ja

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



# BACHELOROPPGÅVE

## «Koronakorpset»

Ein kvalitativ undersøking av tre skulekorpsdirigentar sine pedagogiske erfaringar knytt til å oppretthalde aktivitet under ein global pandemi

## «The Covid Ensemble»

A qualitative research of three school brass band conductors pedagogical experiences to maintain activity during a global pandemic

## Bjørnar S. Førde

Bachelor – 3årig faglærerutdanning i musikk  
Høgskulen på Vestlandet, campus Bergen  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Rebecca Almås

Innleveringsdato: 19.mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Innhold

Forord.....	4
Samandrag .....	5
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>6</b>
<b>1.1 Formål og grunngiving .....</b>	<b>6</b>
1.2.1 Omgrepsavklaring.....	7
<b>1.3 Skulekorpstradisjonen i Noreg som forskingsarena .....</b>	<b>7</b>
<b>1.4 Er dagens skulekorps utdatert? .....</b>	<b>8</b>
<b>1.5 Tidlegare forskning .....</b>	<b>8</b>
1.5.1 Digital musikkundervisning i Romania.....	8
1.5.2 Digitale verktøy i skulekorps .....	9
<b>2. Teori.....</b>	<b>10</b>
<b>2.1 Forandringsprosessar .....</b>	<b>10</b>
<b>2.2 Sosiokulturell læring .....</b>	<b>11</b>
2.2.1 Praksisfellesskap .....	11
2.2.2 Proksimale utviklingsone.....	11
<b>2.3 Motivasjonsteori .....</b>	<b>12</b>
2.3.1 Indre og ytre motivasjon.....	12
2.3.2 Sjølvbestemming .....	13
<b>2.4 Digitalisering av det musikkpedagogiske feltet .....</b>	<b>14</b>
2.4.1 Digital utvikling.....	14
2.4.2 Digital kompetanse – TPACK.....	15
<b>3. Metode.....</b>	<b>16</b>
<b>3.1 Val av metode for datainnsamling .....</b>	<b>16</b>
3.1.2 Semistrukturert intervju .....	16
<b>3.2 Val av informantar .....</b>	<b>16</b>
<b>3.3 Analyse metode .....</b>	<b>17</b>
<b>3.4 Fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming for analyse og drøfting .....</b>	<b>17</b>
<b>3.5 Etske betraktningar og personvern .....</b>	<b>18</b>
<b>4. Resultat av intervju .....</b>	<b>19</b>
<b>4.1 Organisering under pandemien .....</b>	<b>19</b>
4.1.1 Prioriteringar ved organisering .....	19
4.1.2 Kollegar vart ein inspirasjonskjelde .....	19
4.1.3 Etterpåklokskap .....	20
<b>4.2 Oppretthald av motivasjon.....</b>	<b>20</b>
4.2.2 Relasjonsbygging for å skape engasjement .....	20

<b>4.3 Bruken av digitale alternativ</b> .....	<b>21</b>
<b>4.3.1 Digitale alternativ som verktøy for musikalsk utvikling</b> .....	<b>21</b>
<b>4.3.3 Digitale alternativ som verktøy for det sosiale felleskapet</b> .....	<b>22</b>
<b>4.3.4 Bruksområde for digitale alternativ etter pandemien</b> .....	<b>23</b>
<b>4.3 Verdier innanfor skulekorpstradisjonen</b> .....	<b>24</b>
<b>5. Drøfting</b> .....	<b>25</b>
<b>5.1 Ein kontinuerleg forandringsprosess</b> .....	<b>25</b>
<b>5.2 Digitale verktøy har sin plass i skulekorpset</b> .....	<b>25</b>
<b>5.3 Viktigheita ved å legge opp til variert motivasjon</b> .....	<b>26</b>
<b>5.3 Fysisk oppmøte er ein viktig del av felleskapet til skulekorpsa</b> .....	<b>26</b>
<b>6. Konklusjon</b> .....	<b>28</b>
<b>6.1 Tilnærmingar til vidare forskning rundt emnet</b> .....	<b>28</b>
<b>7. Kjelder</b> .....	<b>30</b>
<b>8. Vedlegg</b> .....	<b>32</b>
<b>Vedlegg 1. Informasjonsskriv/Samtykkeskjema</b> .....	<b>32</b>
<b>Vedlegg 2. Intervjuguide</b> .....	<b>35</b>
<b>Vedlegg 3. Godkjenning av meldeskjema frå NSD Vurdering</b> .....	<b>37</b>

## Forord

Takk til rettleiar for god tilbakemeldingar og samtalar under prosessen. Takk til informantane som var villig til å stille opp til intervju med meg. Eg vil også takke foreldre, medstudentar og andre venner som var til stades med hjelp og støtte gjennom heile skriveprosessen. Utan desse aktørane hadde eg ikkje klart å skrive denne Bacheloroppgåva ferdig.

- Bjørnar S. Førde (19.Mai 2022)

## Samandrag

I ein trøblete periode mellom 2020 til 2022 måtte skulekorpsdirigentar i heile Noreg omorganisere seg på kort varsel. Korleis erfarte dei å opprettehalde aktivitet i korpsa sine under ein slik turbulent tid?

Korleis var det å plutseleg å måtte ta i bruk digitale løysingar i korpsverksemda? Dette undra eg meg over og ville finne ut meir om.

Gjennom kvalitativ forskning har eg gjennomført tre semistrukturerte intervju med skulekorpsdirigentar. Desse intervjuja gav meg innsikt i deira tankar rundt å motivere musikantane sine gjennom sosiokulturelle tilnærmingar for læring. I denne teksten får ein også eit innblikk i korleis digitale verktøy kan ha ein positiv innverknad på skulekorpsorganisasjon, både innafor den sosiale og den musikalske utviklinga.

# 1. Innleiing

## 1.1 Formål og grunngiving

Den 12.mars, 2020, måtte Noreg stenge ned. Ein pandemi hadde råka heila verda og fysisk kontakt vart ikkje anbefalt over ein lengre periode. Dette førte til at all fysisk fritidsaktivitet måtte avlysast og det måtte planleggast digitale alternativ. Dette inkluderte også korpsøvingar, både for vaksne og barn. Dette førte til ein stor omvelting som fåtalet av korps i Noreg var førebudd på. Nå måtte dei byrja å ta i bruk digitale alternativ for å halde liv i organisasjonen sin. Det store spørsmålet vart: Er det mogleg å drive eit digitalt skulekorps?

Sidan eg var ti år gammal, har eg vore ein del av det norske korpsmiljøet. Det var i skulekorps at eg lærde meg å spele mitt første instrument. Det var også i skulekorpset at eg etter kvart vart interessert i å drive med musikk som vaksen menneske. Skulekorps har dermed vore ein viktig faktor for at eg ville ta ein musikkpedagogisk utdanning.

Som korpsmusikar over fleire år, gjorde koronaperioden stort inntrykk på meg. Vaksenkorpset eg speler i måtte, under pandemien, gå over til digital variantar i ein lengre periode. Dette kjente eg gjorde det vanskeleg å halde motivasjonen oppe for i det heile tatt å ville spele musikk. Då vart samhaldet i korpset utanfor musikken ein viktig faktor for halde på motivasjonen. Med utgangspunkt i mine eigne problem med motivasjon under pandemien, vart eg nysgjerrig; Korleis var det for skulekorps å oppretthalde aktivitet då ting herja som verst? Korleis var det for ein dirigent å halde motivasjonen oppe i eit skulekorps medan alt var stengd ned? Kva for nokre utslag gjorde bruken av digitale variantar i eit skulekorps? Lærte skulekorpsdirigentane noko gjennom digitalisering dei vil ta med seg vidare? Desse spørsmåla og erfaringane ville eg finne ut meir om.

## 1.2 Problemstilling

For å finne ut svaret på desse spørsmåla ville eg gjennomføre intervju med tre skulekorpsdirigentar og høyra med dei kva for nokre endringar dei måtte gjere for å halde oppe engasjementet i korpset sitt. Her vil eg også sjå på om dirigentane tok i bruk noko nye verktøy som gav dei positive resultat. Desse erfaringane kan også vere til hjelp for framtidig musikalsk undervisning.

Med utgangspunkt i desse «kriteria», vart min problemstilling sjåande slik:

«Korleis arbeidde 3 skulekorpsdirigentar for å oppretthalde motivasjon for vidare aktivitet i skulekorpsa sine under koronapandemien og kva erfaringar tek dei med seg vidare ?»



## 1.2.1 Omgrepsavklaring

### Skulekorps

Eit skulekorps er ein organisasjon kor eit barn får opplæring i enten eit blåse- eller eit slagverksinstrument som dei då får spele saman med andre barn. Aldersgruppa på slike skulekorps er mellom 7-19 år (Korpsnett Norge, 2022).

### Skulekorpsdirigent

Ein skulekorpsdirigent vart definert som den musikalske leiaren i skulekorpset. Denne personen er som regel ansvarleg for val av repertoar og framgangsmåte for øving i korpset. I tillegg har personen også eit ansvar for å skape eit godt sosialt miljø som korpsmusikantane føler seg trygge. I den kontekst kan ein dermed sjå på ein skulekorpsdirigent som både ein musikalsk leiar og ein sosialarbeidar.

### Aktivitet

Med aktivitet i eit skulekorps ser eg i denne oppgåva på ulike opplegg som skjer i eit korps. Dette kan vere både musikalske og sosiale opplegg. Dømer på ulike aktivitetar kan vere at korpset spelar eit stykke saman på ein øving for å øve på samspel eller at dei har eit sosialt opplegg der korpset samlast for å spele bowling.

## 1.3 Skulekorpstradisjonen i Noreg som forskingsarena

Den norske skulekorpstradisjonen har ein lang historie bak seg. Allereie på 1800-tallet vart det danna mindre ensemble med blåsarar som vart kalla hornorkester (Oddernes Skolemusikkorps, u.å). Det aller første skulekorpset vart imidlertid stifta i 1901 på Møllergata Skole i Oslo. Sidan denne gong har skulekorpsa hatt ei enorm utvikling, med både oppturar og nedturar. Skulekorpsa har gått frå å vere gutekorps til å inkludere alle kjønn og nasjonalitetar. Ein har gått frå å spele marsjar til å delta i europameisterskap, halde show og spele symfonisk musikk. Korpsrørsla i Noreg var sterkt representert under Blåsmafiaen sitt bidrag i Melodi Grand Prix for eit par år sidan. Til tross for denne utviklinga er det nokre ting som ikkje har endra seg i korpsmiljøet. Nokre foreldre vil gjerne seie ordet «dugnad» så fort eg spør dei om dette. Det kan godt vere at det stemmer, men i dette tilfellet tenker eg på samhaldet og det sosiale miljøet som er ein viktig del av opplevinga av å spele i korps. Det kan ikkje vere utan grunn at når Sigrid Bonde Tusvik no skal lage eit program som skal bidra til å skape eit sosialt miljø for innvandrarkvinner i Noreg, så vel ho akkurat musikkorpsset som medium for denne inkluderinga? Forsking (Hjelmbrekke & Berge,2010) viser og at nettopp det sosiale miljøet er avgjerande for at musikantar skal halde fram i korps. Ein kan difor tenke seg at det å vere fysisk til stade i eit øvingsrom

med andre utgjør ein betydeleg del av opplevinga av det å spele i korps. Kva skjer då når denne moglegheita vert teken i frå korpsverksemda?

## **1.4 Er dagens skulekorps utdatert?**

Ein anna motivasjon bak mi oppgåve er knytt til dei utfordringane korpsrørsla har med fråfall blant musikantar. Ein statistikk gjort av NMF<sup>1</sup> i 2020 viser til at talet på skulekorpsmedlemmer i Noreg sank med 7% i perioden 2019-2020 (Norges Musikkorps Forbund, 2020). Særleg viser det seg at denne fråfallsproblematikken er knytt til å halde på ungdommar i korpsa og å få dei gjennom overgangen frå aspirant/juniorkorps til hovudkorpset. Som framtidig musikkpedagog har eg eit ynskje om å bidra til å at korpsrørsla framleis vil eksistere og for å få dette til må ein sjå på kva moglegheiter og utfordringar som ligg føre oss. Korleis skal me bidra til å halde på musikantane våre? Korleis motivere me dei til å halde fram med skulekorpset som fritidsaktivitet?

I 2019 vart det gjort ein rapport av «The Music Commission» i England kor det vart konkludert med at musikkfaget var i ferd med å bli utdatert grunna teknologi. Denne rapporten meinte at musikkfaga ikkje legg opp til undervisning som samsvarar med korleis barn engasjere seg med musikk i kvardagen (British Broadcasting Channel, 4. Mars 2019). Kan dette også vere tilfellet i skulekorpsa i Noreg? Er den tradisjonelle skulekorpsmetodikken utdatert?

Som min seinare gjennomgang av forskning på digitale verktøy og skulekorps vil vise, er det gjort bemerkelsesverdig lite forskning på dette feltet. Er det fordi det ikkje blir nytta digitale verktøy i skulekorpssamanheng eller er det fordi me ikkje veit om det? Utan å seie at eg har ein hypotese, undrar eg meg likevel over om det er slik at den tradisjonelle skulekorpsforma er open for endring og modernisering? Heng fråfallsproblematikken i skulekorpsa saman med manglande utvikling? Heng korpspedagogar og dirigentar med i dagens musikkfelt? Kan den påtvinga digitaliseringa under koronapandemien ha ført til erfaringar me kan ta med oss vidare for å modernisere skulekorpset og skulekorpsmetodikken? Eller er det eigentleg ønskjeleg å modernisere skulekorpset?

## **1.5 Tidlegare forskning**

### **1.5.1 Digital musikkundervisning i Romania**

Sjølv om det ikkje har blitt forska så mykje på skulekorps og pandemien, har det likevel blitt gjort undersøkingar som omhandlar emna eg interessert i å forska vidare på. Ein kan til dømes sjå på ein spørjeundersøking som vart gjort i Romania (Cazan et al., 2021). I dette forskingsprosjektet vart 220 universitet musikkstudentar. Der vart dei spurde om deira synest om bruken av digital alternativ som

---

<sup>1</sup> NMF – Norges Musikkorps Forbund

undervisningsmetode. Undersøkinga resulterte i at ein såg ein positiv kurve for bruken av digitale alternativ gjennom lett tilgjengelege applikasjonar. Dette meinte mange studentar var med å utvikle dei musikalsk men også la opp til å lære noko nytt. Men sjølv om det var positive sider ved digitalt alternativ, var det også negative sider ved det som kunne føre til mindre motivasjon. Dømer på dette var dårleg forbindelse, då måtte spele utan lyd på og det ikkje har noko fysisk kontakt med sine medmusikantar. Slike resultat er også noko eg ser for at eg kjem til å få som svar etter kvart som eg gjere min datainnsamling i denne bacheloroppgåva.

### **1.5.2 Digitale verktøy i skulekorps**

Om ein ser på tidlegare forskingsprosjekt, kan ein finne nokon som undersøkte bruken av digitale verktøy i skulekorps samanheng. Som ein del av deira masteroppgåve, forska Simon Gilje og Elen Lovis Nornes på bruken av applikasjonen «Garageband» som ein del av korpspedagogikken (2014). Her ville dei sjå på om applikasjonen kunne bidra til utvikling av samspelkompetanse i korpset. Dette vart gjort ved at korpsmedlemmer brukte Garageband til å gjere opptak av sine egne stemmer i tillegg til å dra nytte av akkompagnement som ein del av øvinga. Desse opptaka kunne medlemmene ha som utgangspunkt for vurdering av sin eigen speling.

Resultata frå dette forskingsprosjektet såg at bruken av «Garageband» kunne hjelpe til med å styrke tilbakemeldingane medlemmene fekk ved at dei kunne vera med på å vurdere seg sjølv i større grad. Den var også med på betre korpset sin evne til å lytte (Gilje et al, 2014, s.63-64). Sjølv om det var positive sider ved applikasjonen såg ein også negative sider ved det. Døme på dette var at for nokre medlemmar vart tidkrevjande å vanskeleg å ta i bruk, og at i enkelte tilfelle vart lyd kvaliteten ikkje vart tilstrekkeleg for å kunne lytte på det.

## 2. Teori

Ved val av teoriar for denne bacheloroppgåve, i samanheng med problemstillinga, vil eg sjå meg forandringsprosessar i ein organisasjon. Eg vil også sjå på dei ulike aspekta rundt sosiokulturell læring som er ein viktig del av korleis skulekorpstradisjonen opererer. For å kunne drøfte korleis skulekorpssdirigentane oppretthalde aktivitet i korpset, vil eg også sjå motivasjonsteoriar. Til slutt i dette kapittelet ser eg på teoriar knytt rundt pedagogikk ved bruken av digital teknologi.

### 2.1 Forandringsprosessar

Då tiltaka slo til under stenginga av Noreg, måtte alle frivillige organisasjonar raskt gjere endringar. For at desse endringane skal vera gunstig, er det viktig at dei blir angrepet på ein systematisk måte. I «*Organisasjon, leiing og motivasjon*» presenterer Busch og Vanebo omgrepet Organisasjonsutvikling(OU) prosjekter (2000, s. 365). Desse prosjekta tar utgangspunkt i: Diagnose-, problemløysings-, gjennomførings-, og vurderings- fasar.

Under diagnosefasen kartlegg ein og avklare kva for nokre «symptom» organisasjonen har. Dette kan, i vårt tilfelle, omhandle strukturell og motivasjonsmessig symptom. Symptoma som blir oppdaga vil då bli arbeida med under problemløysingsfasen kor ein kommer fram til forslag på tiltak som vil betre situasjonen. Desse tiltaka vil då bli gjennomført og vurdert under dei siste to fasane.

Slike prosjekt vil gå gjennom fasane opp til fleire gongar heilt fram til ein har oppnådd tilstrekkeleg resultatet (Busch & Vanebo, 2000, s. 372-378).

Under datainnsamling vil det bli interessant for meg å sjå på korleis dirigentane gjekk fram for å gjennomføra tilstrekkeleg tiltak som fungerte for korpset. Vart det nødvendig for dei å gjennomføra ulike tiltak etter kvart som ulike løysningar vart gjennomført og vurdert?

Når ein skal etablere nye rutinar kan ein basere seg på Kurt Lewin sin organisatoriske utviklingsteori. Han laga ein strategimodell som baserer seg på tre trinn for endring; Opptining, endring og frysing (Busch & Vanebo, 2000, s.354). Ved «opptining» er ein bevisst om behov for endring før ein i trinn gjere ein endring frå det gamle til det nye. Denne endringa vil då kulminere til trinn tre kor ein «fryser» dei nye endringane i håp om at nye rutinar er nå etablert.

Desse trinna er noko eg ser for meg alle skulekorps har måtte vore igjennom under pandemien. Undervegs i datainnsamling, vil det bli interessant å sjå om nokre av pandemiendringane har blitt «frost» utan å gå tilbake til dei gamle rutinane.

## 2.2 Sosiokulturell læring

Ved ein sosiokulturell tilnærming til læring, tileignar ein seg kunnskap med utgangspunkt i sosial kontekst. Gjennom sosiale interaksjonar oppstår det læring (Digital Didaktikk, 2022). Ein må dermed, via sosiokulturell tilnærming, sjå på at kunnskap og læring skjer i samanheng med kultur, språk og fellesskap. Med utgangspunkt i dette kan ein dermed seie, som Säljö vidare skriv, at «nye generasjonar tar så å seie over kunnskaper og ferdigheter som allereie finnes» (2013, s.72).

Vygotskij, ein av dei sentrale teoretikaren for sosiokulturell læring, nemnar at menneske lærar gjennom å appropriere kulturelle reiskap (Säljö,2013, s.73). Med dette meine han for at folk skal ha ein universell oppfatning om eit objekt må ein, gjennom dialog og kulturelle kontekster, reflektere rundt objekt for å skape ein felles mening. Døme på dette i musikalsk kontekst kan vera at ein musikanter ikkje har kjennskap til kva omgrepet «Forte» står for. Då kan musikanten saman med dirigenten reflektere rundt dette omgrepet ved å sjå på kva dynamikk er for noko. Etter kvart som musikanten har ein betre forståing for dei ulike sidene ved dynamikk, vil han ha appropriert godt nok til at tanken rundt omgrepet «Forte» blir ein sjølvfølge i framtida.


### 2.2.1 Praksisfellesskap

Praksisfellesskap er eit omgrep som presenterer tanken rundt å lære saman gjennom å tenke saman. Når ein baserer læring på ein slik tilnærming, vil ein at kunnskap skal oppstå gjennom praktiske aktivitetar kor menneske samhandlar i eit fagleg fellesskap (Gjems, 2019, s. 17).

For at ein slik læring skal kunne oppstå må ein legge til rette for eit miljø kor alle har moglegheit for å kunne engasjere seg i dialogen rundt dei gitte samtaleemna. Ser ein dette i samanheng med eit skulekorps, må til dømes skulekorps dirigent legge til rette for eit miljø der musikanter føler seg trygge på å ta del i diskusjonar som oppstår under ein øving. Dette kan vere val av repertoar eller samtalar rundt spelestil på eit stykke. I eit praksisfellesskap skal musikanter føle seg trygge nok til å kunne uttrykka seg om sine tankar og meiningar rundt desse emna (Gjems, 2019, s. 32).

### 2.2.2 Proksimale utviklingsone

Sosial interaksjon har mykje å seie for kva eit barn klarer å lære. For å illustrera dette, utvikla Vygotskij ein modell som han kalla for den proksimale utviklingsonen. Denne modellen tar for seg ein elev i midten som er omkransa av to sirkelar. Innanfor den indre sirkel ser ein på kva barnet får til å lære utan hjelp frå nokon. Alt utanfor den indre sirkel er då det barnet klarer å lære ved hjelp av dei rundt seg (Askland & Sataøen, 2014, s. 200). Det er denne sirkelen utanfor den indre sirkel som er den proksimale utviklingsonen, som er illustrert i Figur 1.



Figur 1. Proksimal utviklingssonen-modell. Frå «Lev Vygotsky», av H. Eide, 2011 (<http://hanne-eide.blogspot.com/2011/10/lev-vygotsky.html>).

Gjennom støtte og hjelp frå dei rundt seg klarar eleven å tileigna seg meir kunnskap av kva han ville fått til åleine. Sett i kontekst med skulekorpstradisjonen, kor mykje har støtte frå andre rundt seg å sei for korleis ein musikannt utviklar og engasjere seg i skulekorpssverksemda?

## 2.3 Motivasjonsteori

Når store endringar skjer i ein organisasjon er det viktig at motivasjonen vart oppretthaldt for medlemmane. Men kva for nokre betraktningar skal ein vektlegge? Busch & Vanebo meine at oppførselen til eit menneske og ein organisasjon er basert på fire faktorar kor personlege forutsetningar og omgjevnaden til individet er i sentrum. Desse to faktorane påverka personen sin åtferd til arbeid. Personen sin åtferd vil så påverka deira læring som igjen vil påverka deira forutsetningar og omgjevningar (Busch & Vanebo, 2000, s. 25-26). Sidan faktorane påverka kvarande, kan me sjå at både menneske og organisasjonar er i kontinuerleg forandring.

Av dei fire faktorane som vart presentert, er det åtferd som legg til grunn for motivasjon som ein føresetnad for aktivisering (Busch & Vanebo, 2000, s. 218). Desse behova kan vere både indre og ytre styrt, dette skal me nå sjå litt nærmare på.

### 2.3.1 Indre og ytre motivasjon

For å forstå korleis ein musikannt blir motivert må me sjå på definisjonen på dei nemnde indre og ytre motivasjon. Denne forståinga er viktig for at ein skulekorpssdirigent skal kunne følgje opp sine musikantar på best mogleg måte.

Om ein ser på omgrepet ytre motivasjon snakkar ein om personar som gjennomføre ein aktivitet basert på bli lønna. Dette kan også bli motivert ved at personen ikkje bli straffa for å ikkje få til aktiviteten (Skaalvik & Skaalvik, 2015, s. 67). Innanfor ytre motivasjon kan ein også skilje mellom ein kontrollert, ein kjensla om at ein er tvungen til å gjennomføra noko for ein lønn eller straff, og ein autonomisert motivasjon der tanken om lønning ikkje er til stade, men at aktiviteten i seg sjølv har ein

verdi.

Ved indre motivasjon skjer læring på grunnlag av at personen får glede og vart tilfreds av å halde på med ein aktivitet. Til forskjell frå ytre motivasjon er dermed interesse for sjølve aktiviteten i seg sjølv ein lønning og ein faktor for motivasjon (Skaalvik & Skaalvik, 2015, s. 66).

Om ein ser desse to formane for motivasjon i lyset av eit skulekorpsmedlem kan til dømes ytre motivasjon vere eit ønskje om å prestere godt under ein konkurranse for å få ein premie. Innanfor indre motivasjon kan ein sjå på ein musikant som ønskjer å bli betre på instrumentet sitt fordi personen genuint er interessert i å utvikle seg.

### **2.3.2 Sjølvbestemming**

Innanfor tankar rundt den ideale grad av motivasjon, vil ein helst sjå til at alle musikantar har ein indre driv til å ville drive med aktiviteten. Dette er dessverre ikkje eit realistisk tilfelle for dei fleste elevar. Det er dermed viktig at ein dirigent legg opp til at musikantane føler at dei har ein sjølvbestemt motivasjon. Dette kan då vere enten ein indre driven motivasjon eller ein autonomisert ytre motivasjon.

Ved sjølvbestemt motivasjon, legger ein opp til at musikantane er sjølvstendig motivert til å ta slutningar og gjere handlingar i aktivitetane dei held på med. Slike sjølvstendige handlingar kan då igjen føre ein større kjensla av meistring etter kvart som dei utviklar seg (Skaalvik & Skaalvik, 2015, s. 69).

For at ein slik sjølvbestemt motivasjon skal oppstå for musikantar i eit skulekorps, må dirigenten legger opp til eit godt miljø kor dirigenten:

- Gir musikantane valmoglegheit der det er mogleg.
- Gir musikantane meistringsoppleving gjennom tilpassing.
- Viser musikantane omsorg og respekt.
- Oppfordre musikantane til å ta initiativ.
- Tar musikantane sine spørsmål, erfaringar og ønskje på alvor.
- Gir gode grunnar for dei vala som læraren tar.

(Skaalvik & Skaalvik, 2015, s. 73)

Når eg seinare skal analysere og drøfta resultatane frå intervjuet med dirigentane, vil å sjå kva syn

dei har rundt kva som motiverer musikantane til å prestere og utvikle seg på best måte.

## 2.4 Digitalisering av det musikkpedagogiske feltet

### 2.4.1 Digital utvikling

Som tidlegare nemnd, har ein sett at ein undersøking meine at musikkundervisning byrja å bli utdatert (British Broadcasting Channel, 4. mars 2019). Grunna dette, har fokuset på å bruke digitale verktøy auka. Men det ein kan spørje seg er; kor gunstig er det eigentleg å ta det i bruk i musikk. Håkon Kvidal seie at det å vera digital er med på «utfordre våre etablerte tankar og tradisjonar» og «endrer vår omgang med musikk» (2009, s. 209). Med dette meine han at bruken digitale verktøy hjelper elevane å sjå musikken frå eit anna vinkel enn det dei er vandt med. Slike verktøy kan også vere noko både elevar og korpsmedlemmer har erfaring med.

Sjølv om digitale verktøy blir sett på som det store nye, legg Kvidal vekt på at det er musikken som skal vera det primære, medan det digitale er sekundært. Han deler dermed bruken av digitale verktøy inn i tre posisjonar;

- Teknologirelatert musikk, kor teknologi er premiss for utviklinga musikk.
- Teknologi som middel, kor teknologien blir brukt som eit verktøy for å læra noko annet.
- Teknologi som innhald, der teknologi både er innhaldet og utfordringa for undervisninga.

(s. 209-211)

Om ein ser desse tre posisjonane i lyset av skulekorpsverksemda, kan ein til dømes bruke teknologi som middel for å utvikle medlemmane musikalsk. Dømer på dette kan vera gjennom å bruken av lydopptak som ein kan spele inn og lytte på for å vurdere sin eigen speling. Eit annet døme er også bruken av instruksjonsvideoar på internettet som korpsmedlemmene kan ta i bruk medan dei øver heime. Som ein del av datainnsamlinga vil eg sjå på om dette er alternativ informantane mine hadde tatt til betraktning før pandemien skjedde.

Det å ta i bruk digitale verktøy som ein del av undervisning har begynt den siste tida fått meir fokus. Ein kan til dømes sjå at i læreplanen for musikkfag på grunnskolen at digitale ferdigheit er ein del av dei grunnleggande ferdighet måla for elevane (Utdanningsdirektoratet, 2020). Her står det til dømes at;


«Utviklingen av digitale ferdigheter i musikk går frå å bruke enkle digitale verktøy til å forme musikalske arbeider og bruke (...) teknologi strategisk og variert for å oppnå hensiktsmessige og kreative musikalske uttrykk» (Utdanningsdirektoratet, 2020, s. 5)



Sjølv om slike mål ikkje er pålagt innafør skulekorpsverksemda, er dette likevel grunnleggande mål som kan vera gunstige for å variere prosessen av øving for korpsmedlemmer. Det vil dermed interessant å høyra med dirigentane kva for noko forhold dei har til digitale alternativ som ein del av øvingsprosessen.

## 2.4.2 Digital kompetanse – TPACK

Etter kvart som teknologi har fått større plass i undervisning, har det vert utvikla ein modell for å skildre kva kunnskap ein lærar trenger for å kunne gjennomføre gode undervisningsopplegg. Eit døme på ein slik modell er TPACK-modellen. Denne modellen er delt inn i tre sirkclar for kunnskap; teknologisk, pedagogisk og fagleg kunnskap. For å skape effektive undervisningsopplegg er lærarar avhengig av å kunne samkøyre kunnskapen innanfor alle dei tre sirklane som blir presentert i modellen. I følgje denne modellen er det dette samspelet mellom dei ulike kunnskapsområdene som vil fører til god undervisning (Koehler, 2012).



Figur 2. TPACK modellen. Frå «TPACK-modellen», av Digital Didaktikk, 2022

(<http://digitaldidaktikk.no/refleksjon/detalj/tpack-modellen>).

Under drøfting av resultat i forhold til teori, vil eg sjå på korleis denne modellen samsvarar med dirigentane sitt syn på bruken av digitale alternativ for øving. Kor mykje har digital kompetanse å sei for kor villig og engasjert dirigentane er til å ta i bruke desse verktøya?

## 3. Metode

### 3.1 Val av metode for datainnsamling

Innanfor forskning, har me to hovudtilnærmingar som vart nytta for å få tak i empiri. Desse to metodane vart kalla for kvalitativ og kvantitativ. Ved ein kvalitativ tilnærming har ein gjerne færre informantar kor ein kan gå meir i djupa rundt deira erfaringar. Denne innsamling går gjerne føre seg gjennom intervju. Med kvantitativ tilnærming vil ein sjå på det målbare med mange informantar. Dette blir gjort ved til dømes spørjeskjema der resultata er basert på tall og mengdedata (Halvorsen, 2008, s. 128).

Sidan min problemstilling omhandlar å sjå på ulike skulekorpsdirigentar sine erfaringar under pandemien, valde eg å ta i bruk ein kvalitativ forskingsmetode i form av eit semistrukturert intervju.

#### 3.1.2 Semistrukturert intervju

Av intervjuformar, bestemde eg meg for å bruke ein semistrukturert tilnærming. Denne metoden legger opp til at intervjuet er bygd opp av nokre punkter frå førehandsbestemte tema. Desse tema blir då diskutert som om det var ein dialog kor intervjuobjektet er i fokus. Då var det viktig at eg styrte samtalen så lite som mogleg og let informanten snakke fritt rundt emna (Halvorsen, 2008, s.138). Dette gjorde eg ved å stille relativt opne spørsmål. Då fekk dei moglegheit til å greie ut om sine erfaringar utan at eg avbrøyt dei undervegs. Dette gav meg også moglegheit til å stille oppfølgande spørsmål basert på kva dei svara, noko som hadde vore vanskeleg å få til dersom eg hadde sendt dei eit spørjeskjema.

For at desse intervjuar skulle halde seg relevant ovanfor det eg ville forska på, vart det viktig at eg forberedte meg godt. Dette gjorde eg ved å lage ein intervjuguide for meg sjølv. Denne guiden baserte eg på tema som hadde tilknytning til problemstillinga og teorien eg hadde lest om. Dette gav meg ein struktur som eg kunne referere til medan eg gjennomførte intervjuar. I guiden la eg også inn enkelte oppfølgings spørsmål som eg kunne stille informantane dersom eg ville ha meir informasjon rundt eit spesifikk emne. Eit døme på ein slik oppfølging var å be informantane komme nokre konkrete døme på korleis dei nytta seg av digitale verktøy under pandemien dersom eg følte dei ikkje var presise nok.

### 3.2 Val av informantar

Ved val av informantar, var det viktig å finne relevante skulekorpsdirigentar. Grunna dette vart det viktig å ha eit kriteriebasert utval. Valet av informant baserte seg på desse kriteria:

- Dirigenten har dirigert skulekorps i perioden 2020-2022

- Dirigenten skal ha prøvd ut og erfart bruken av alternativ korpsdireksjon (dvs. det må vere ein dirigent som aktivt har prøvd å gjennomføre aktivitetar med korpset sitt under pandemien).
- Har ein formell utdanning innanfor enten musikkpedagogikk eller direksjon.
- Har dirigert eit skolekorps som har oppretthaldt aktivitet og rekruttering gjennom perioden.

Grunna omfanget til oppgåva vart både eg og rettleiar eining om at det ville vere lurt å ta kontakt og intervju tre informantar. På denne måten ville det vere mogleg for meg å analysere og drøfte min problemstillinga utifrå tre forskjellige vinklar.

### **3.3 Analyse metode**

Allereie før eg gjekk i gong med å gjennomføre intervjua, hadde eg laga meg nokre kategoriar eg ville sjå nærmare på etter kvart som eg skulle analysere dei.

For å få ein oversikt over dei ulike intervjua eg transkriberte, gjekk eg inn og koda kvart intervju i etterkant. Gjennom koding kategoriserte eg svara deira innanfor bestemte tema og spørsmål (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 226). På måten kunne eg enkelt samanlikna svara til dirigentane innanfor til dømes deira tankar og verdiar rundt å motivere korpsmedlemmene. Etter koding analyserte eg intervjua ut i frå teoriane eg har presentert. På denne måten ville eg kunne sjå på om meiningar dirigentane har uttrykka er underbygga frå eit teoretisk stå sted. Dette kunne også føre til at eg fann avvik frå teori til praksis.

Men det er ikkje lurt at analysen berre vært underbygga teorien. For at tolkinga skal føre til gode resultat, er det viktig å ha eit objektivt syn på det ein tolkar. Kvale & Brinkmann (2015, s. 239) beskriv at det kan ved enkelte tider vere vanskeleg å sjå forskjell på ein partisk subjektivitet, kor forskaren tolkar alt til å passa deira egne meiningar, og perspektivisk subjektivitet der ein ser på ulike aspekt og gjere ein tolking ut av det. Når eg skal analysere intervjutekstane vart det dermed viktig at eg var open for ny tolking av tema som vart drøfta som eg mogleg ikkje har tenkt over tidlegare. Dette kan igjen føre til presentasjon av nye konklusjonar.

### **3.4 Fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming for analyse og drøfting**

Når eg seinare i teksten skal drøfte problemstillinga og forskingsspørsmåla opp mot empiri og teori, vil eg ta i bruk ein kombinasjon av fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming.

Ved ein fenomenologisk tolking ligger interesse i å forstå og beskrive sosiale fenomen ut i frå korleis informantane opplevde det. Innanfor den fenomenologiske tilnærminga dreie det seg dermed meir om å beskrive fenomenet i staden for forklare og analysere det (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45).

Den andre tilnærminga for tolking, hermeneutikk, er formålet å oppnå ein allmenn forståing rundt kva eit emne handlar om. I denne metoden legge in vekt på å forstå ein teksten eller ein handling utifrå at tolkaren på forhånd har kunnskap rundt emnet som vart drøfta. Dette vil igjen virke inn på korleis me forstår situasjonen i heilskap (Kvale & Brinkmann, 2015, s.75-76).

Ved å kombinere desse to metodane, vil eg få sett på heilskapen av dirigentane sine erfaringar rundt fenomenet som var å dirigere eit skolekorps under pandemien.

### **3.5 Ethiske betraktningar og personvern**

I dette forskingsarbeidet er det fleire forskningsetiske prinsipp som har vore viktige for meg.

Ved førstekontakt med informantar, sendte eg ein førespurnad om dei ønskje å ta del i intervjuet mitt. Her la eg også ved ein kort oppsummering om kva forskingsprosjektet handla om. Etter kvart som eg fekk positiv tilbakemelding frå informantane, vart dei tilsendt eit samtykkeskjema med meir utdjupande informasjon om det framtidige intervjuet som dei skulle underskrive. Informantane fekk også ein munnleg avklaring rundt anonymitet og rettigheitlar før intervjuet starta.

Under analyse av intervjuet må eg, som forskar, forhalda meg nøytral. Dersom det skulle oppstå forvirring av eit svar som informanten har gitt er det betre at eg følger dei opp i etterkant av intervjuet i staden for å anta ein tolking utan noko å feste meg på. Mykje av dette kan også bli forhindra ved å sende ein finskreven transkripsjon til informantane. På denne måten kan dei godkjenne at deira meininger vart transkribert på rett måte.

For å oppretthalde anonymitet blant informantane eg har intervjuet, bestemte eg meg for å betena dei som Dirigent 1, Dirigent 2 og Dirigent 3 under resultat og drøfting. Dette synest eg var ein meir oversiktleg metode å gjere i staden for å gi dei nye allmenn namn som til dømes Knut og Kari. I tillegg til anonymisering av namn, har eg også skjult opplysningar dei kommer med knytt til øvingslokale som dei held til.

Det er ikkje berre informanten eg har eit ansvar for å anonymisere. Slik anonymisering vart også viktig dersom det vart sagt noko informasjon som kunne identifisere ein musikanter i korpsset dei dirigerte. I slike tilfelle blei det då viktig for meg å skjule slik informasjon dersom eg presentere resultat som var identifiserbart.

## 4. Resultat av intervju

Når eg no skal presentere resultata frå intervju vil dei bli representert innanfor ulike kategoriar. Desse kategoriane vil ta utgangspunkt i dirigentane sine tankar om rundt organisering under pandemien, oppretthald av motivasjon i skulekorpset, bruken av digitale alternativ under pandemien og deira tankar kring . Desse kategoriane er alle knytt opp mot problemstillinga som omhandlar dirigentane sine erfaringar med å oppretthalde aktivitet under pandemien.

I tilfelle kor ein dirigent vart nemnd fleire gongar i eit avsnitt, vil eg ta i bruk ein forkorting av tittelen eg gav dei. Dømer på dette er Dirigent 1 som vart forkorta til D1. Dette blir gjort for gjere avsnitta meir ryddig og for å skjule eventuelle informasjon som kan avsløre informantane sin identitet.

### 4.1 Organisering under pandemien

Ved organisering under pandemien har eg delt kategorien inn i tre underkategoriar. I desse underkategoriane ser eg på kva for nokre prioriteringa hadde i starten av pandemien under organisering, korleis kollegar vart ein inspirasjonskjelde og kva tankar dei gjorde seg av organiseringa i etterkant.

#### 4.1.1 Prioriteringar ved organisering

Så fort ting stengte ned, måtte alle tre dirigentar vere raskt ute med å omorganisere seg. Dirigent 3 hadde i starten mykje ansvar åleine, noko som med eit styre i korpset som mista piffen da ting stengde ned. Dette gjorde det vanskeleg for korpset å finne løysingar i starten.

Ein prioritering som eg la merke til at dirigentane hadde i starten var å skape tryggleik for musikantane sine. «Heilt i starten av pandemien var eg opptatt av å trygge musikantane på det som er usikkert. Vere trygg på det å stå i det» (Dirigent 3, Intervju 3, 07.04.2022). Denne prioriteringa vart gjort slik at korpsmusikantane ikkje skulle miste motivasjon for å spele.

Dette var også ein prioritering som Dirigent 1 og Dirigent 2 tok til betraktning ved organisering i starten av pandemien.

#### 4.1.2 Kollegar vart ein inspirasjonskjelde

Dirigent 1, som sjølv ikkje følte seg noko komfortabel med å organisere seg digitalt, følte seg særprisgitt for at han hadde kjennskap til andre skulekorpsdirigentar var «flinkare» enn han. Med flinkare i denne konteksten refererte han til dirigentar som: «Blei veldig god på å vere på nett og gjere ting veldig fort» (Dirigent 1, Intervju 1, 29.03.2022). Dermed kunne han ta inspirasjon frå desse kollegane i starten då han sjølv hadde problem med å lage i stand digitale opplegg for skulekorpset sitt.

Dette tankesettet, ved å sjå til kollegar for inspirasjon til opplegg, var noko alle tre dirigentar framheva som eit godt hjelpemiddel for å kunne organisera og oppretthalde aktivitet medan ting var stengd ned. Dirigent 2 trakk også her fram fordelene med grupper på Facebook der dirigentar delte ulike tips som han kunne «suge til seg» for å få nye innfallsvinklar

### **4.1.3 Etterpåkløskap**

«Hadde eg visst det eg veit nå i starten av pandemien, då hadde det vore lettare å velje ein veg.» (Dirigent 3, Intervju 3, 07.04.2022). Dett var ein tanke Dirigent 3 kom med mot slutten av intervjuet. Han utdjupa dette med å seie at det ville ha vore enklare å kopla seg på og planlegga opplegg for skulekorpset dersom han hadde oversikten over dei plattformene og verktøy som han blei kjend med under pandemien. Dette ville igjen ha vore med på å halde oppe engasjement oppe og halde det gåande i følgje han.

## **4.2 Oppretthald av motivasjon**

Under denne kategorien vil eg sjå på kva for nokre tankar dirigentane har rundt det å motivere og engasjere musikantane. Eg vil også her presentere dirigentane sine tankar rundt relasjonsbygging i skulekorpset for å motivere.

Ved spørsmål om korleis dei tolkar motivasjon i skulekorpset svara Dirigent 1 med å sjå på tre ulike vinklar for motivasjon:

**D1:** «Eg trur det er ein samansett greie. Du har den indre og ytre motivasjon, også har du prososial motivasjon. Den interessante greia er at eg trur eg legger opp til ein heil del ting som gjere at ein får den ytre motivasjon, også går det bra. På sikt vil ein då pensle det til å bli ein indre motivasjon.»

Dette sosiale samspelet mellom musikantane såg også Dirigent 2 og Dirigent 3 på som ein viktig del for å kunne engasjere korpset:

### **4.2.2 Relasjonsbygging for å skape engasjement**

For å skape eit godt miljø i skulekorpsa sine, såg dirigentane på viktighetene med gode relasjonar mellom dirigenten og musikantane. «Samspelet mellom dirigenten og musikantane handlar mykje om å ha den kontakten i lag med dei. Snakka med dei, la dei delta på øving kor dei eldste kan vera instruktørar. Som dirigent i skulekorpset så er man dirigent, men er også ein sosialarbeidar.»

Av dei som trengde mest oppfølging i korpset for å oppretthalde engasjement både før og under pandemien nemnde både Dirigent 1 og Dirigent 2 tenåringane i korpset. Musikantar i denne alderen slit ofte med å halde motivasjon oppe. Som Dirigent 1 formulerte seg:

«Du merke det når dei kommer i ein viss alder at dei enten blir sjølvdreven eller så må du hjelpe de av gårde. Og der er det ein del som møte veggen. Eventuelt så finner dei ikkje heilt seg sjølv igjen i den aktiviteten og sluttar» (Dirigent 1, Intervju 1, 29.03.2022)

Liknande problem med motivasjon blant tenåringar har også Dirigent 3 lagt merke til i sitt skulekorps. Dette var noko han aktivt jobba med å forhindre. Under intervjuet kom han med eit konkret døme på korleis han gjekk fram for å engasjere ein tenåringsgutegjeng i korpset sitt:

«Eg har gjerne gjort "gamingkveldar" med den gutegjengen der for å få dei til å øve. Og då er det ein heilt klart ytre motivasjon. Øv som berre pokker på dette NM stykket nå, også (...) når eg høyrar at dette har dei faktisk øvd på og tatt på alvor, då har me gamingkveld og pizza.» (Dirigent 3, Intervju 3, 07.04.2022)

Denne forma for tiltak til å forhindre demotivasjon i gjengen hadde Dirigent 3 hatt positiv resultat frå. Vidare forklarte han at motivasjon til å øve for å bli lønna gjekk over til motivasjon til å øve fordi det var gøy å utvikle seg musikalsk. Då kunne D3 som dirigent etter kvart gå vidare å endre samtaleemne frå å diskutere spel med denne gjengen til å diskutere ulike aspekt av korpsverksamde eller repertoar med dei.

### **4.3 Bruken av digitale alternativ**

Når ein ser på korleis dirigentane nytta seg av digitale verktøy for å oppretthalde aktivitet i korpsa sine, finn ein mange forskjellige døme. For oversikten sin skyld vil eg her dele døma inn i musikalske og sosiale aspekt for bruk av det digitale. Her vil me også sjå på kva erfaringar dirigentane tar med seg vidare ved bruken av digitale verktøy.

#### **4.3.1 Digitale alternativ som verktøy for musikalsk utvikling**

For å hjelpe musikantane med god og effektiv øving heima nytta dirigentane seg av ulike digitale verktøy. Ved innøving til eit potensielt konsertprosjekt hadde til dømes Dirigent 1 tankar om å skrive inn alle stemmene digitalt med til knytt lydspor til kvar stemme. Dette gjorde han slik at musikantane kunne ha eit «Play-Along» opplegg medan dei øvde heime. Sjølv om han måtte innrømme at han ikkje klarte å fullføre prosjektet grunna for liten tid, synest han framleis var ein

«Nobel tanke om å sørge for at det skulle bli ein form for aktivitet då ting var stengd ned» (Dirigent 1. Intervju 1. 29.03.2022).

Ein anna form for digitale noter nytta også Dirigent 3 seg av;

«Me brukte ein slik digital plattform kor alle musikantane fekk kvar sin konto som eg administrerte» (Dirigent 3. Intervju 3. 07.04.2022).

Med denne applikasjonen kunne dirigenten sende ut noter som musikantane kunne spele til. Her var det også ein liten utfordring der dei kunne spele inn stemmen for så å få ein poengsum basert på kor mange rette tonar dei traff. Denne applikasjonen merka dirigenten var ein god måte for musikantane å øve på musikkstykke heima som dei då seinare kunne bruke i dei fysiske øvingar. Dette skapte relevans for både dirigenten og musikantane når dei seinare kunne møtast fysisk igjen.

### **4.3.3 Digitale alternativ som verktøy for det sosiale felleskapet**

Det var ikkje berre musikalsk at digitale verktøy vart tatt i bruk. Under intervjuet fekk eg også døme på korleis dei nytta seg av digitale forum for å oppretthalde sosial kontakt i skulekorpsa sine. Her kom det mange ulike døme på sosiale aktivitetar.

Dirigent 1 arrangerte opp til fleire quizer gjennom Kahoot og hadde sosiale opplegg på Teams «Me hadde masse Kahoot med premier og slikt. Denne digitale sosiale interaksjon meinte D1 var ein god ting.

«Då hadde dei faste haldepunkt, også hadde dei aktiviteten framleis i live sjølv om den var meir eller mindre låg brak på ein måte» (Dirigent 1, Intervju 1, 29.03.2022).

Dette gav resultat kor vedkommande sjølv meinte at dei skulekorpsa han dirigerte kom styrka ut av pandemien grunna oppretthald av sosial kontakt med musikantane digitalt.

Liknande sosial kontakt la også Dirigent 3 til rette for å oppretthalde sosial kontakt:

«Eg lagde ein Discord server. Det blei samlingspunktet der eg la ned ganske my arbeid med å setje det opp. Eg satt opp kanalar og musikantane fekk ulike roller og slikt» (Dirigent 3, Intervju 3, 07.04.2022).

Denne applikasjonen, som er eit samfunnsbasert forum der folk kan chatte og dele ting med kvarandre, vart beskriven som eit godt møtepunkt mellom Dirigent 3 og musikantane i korpset. Her kunne korpsetsmedlem invitere kvarandre til ulike aktivitetar. I tillegg gav dette forumet moglegheit for at musikantane kunne vere med å diskutere val av repertoar og komme med forslag for korleis dei vil gå fram for musikalsk utvikling.



#### 4.3.4 Bruksområde for digitale alternativ etter pandemien

Ved spørsmål om det var nokon aspekt ved bruken av digitale alternativ dei kunne tenke seg å behalde hadde alle dirigentar eit døme på noko dei ville fortsette å ta i bruk. Dirigent 2 merka seg ein positiv side av digitale alternativ:

«Dette med å bruke Zoom som ein plattform for dei som kanskje ønskje litt meir når tiden ikkje strekke seg til» (Dirigent 2, Intervju 2, 01.04.2022)

Det å kunne tilby digital oppfølging til dei som var interessert var ikkje noko han hadde tenkt over før pandemien. Det har derfor blitt noko han nytta seg av meir nå i etterkant, og spesielt før enkelte musikantar deltok på solist konkurranse. Då kunne D2 gi dei ekstra oppfølging ved behov.

Ein digital oppfølging gjorde var også til stor hjelp for aspirantar i korpset. Til desse sendte Dirigent 2 ut noter med videoopptak som dei kunne spele ting medan dei øvde heime. Dette ville han fortsette med, fordi det hadde han fått gode tilbakemeldingar på frå foreldre som sjølv ikkje var musikalsk trygge.

Denne ekstra oppfølginga digitalt var også noko Dirigent 3 ville halde fast ved også etter pandemien forsvann. D3 la også merke til at musikantane opplevde at dei vart meir sett då dei vart tilsendt noter og opplegg for heimeøving. Dette gav enkelte musikantar ekstra motivasjon til å øve heime.

Sjølv om det var positive sider ved bruken av digitale verktøy var det også nokre aspekt av det som dirigentane ville vera forsiktig med. Døme på dette var Dirigent 3 som opplevde at enkelte musikantantar ikkje hadde tilstrekkeleg digitalt utstyr til å kunne lese noter på ein gunstig måte. Dette kunne då få ein negativ effekt for heimeøving for desse musikantane. Dermed la D3 vekt å ha ein balanse mellom fysiske og digitale alternativ for å kunne tilpasse seg musikantane sine behov.

Eit annet aspekt ved bruken av digitale alternativ for å organisere øvingane låg i arbeidsmengda. For Dirigent 2 vart mengda med arbeid i enkelte tilfelle for mykje. Dette hadde med at D2 ikkje hadde noko særleg erfaring med å ta i bruk digitale verktøy frå før av. Dermed måtte vedkommande bruke meir tid på bli kjent og lage alternativ opplegg. Med dette som grunnlag såg D2 fram til å komme tilbake til «kvardagen» som var før pandemien å kunne puste litt.

Til slutt, ved spørsmål knytt til gjennomføring av digitale fellesøvingar svarte samlege dirigentar at dette ikkje var noko å forsette med. Både Dirigent 2 og Dirigent 3 utrykte at digitale øvingar med større ensemble var lite inspirerende å gjennomføre. Som tidlegare nemnt var det dermed meir gunstig å nytta digitale øvingar til mindre grupper og heller la fellesøvinga vera fysiske.

### 4.3 Verdier innanfor skulekorpstradisjonen

Mot slutten av intervjua, vart alle tre informantane spurt om kva dei ser på som dei viktigaste verdiane ein finn i eit skulekorps. Her kom alle tre med det unike ved at det ikkje er noko aldersgruppering.

Dirigent 1 formulerte det nokså fint på denne måten:

«Du har den greia med at du sitter som 9 åring og har felles aktivitet saman med 19 åringar. Det er jo realiteten i mange korps. (...) Ein har «vaksne ungar» som gått gradane som har ein form for det ein kallar den proksimal utviklingsonen. Den eksistere sånn til dei grader i korpset. Det er berre vakkert å sjå på når meistringa oppstår» (Dirigent 1, Intervju 1, 29.03.2022)

Dirigent 2 la også vekt på ansvaret dei eldre musikantane etter kvart får i korpsa. Ein slik ansvarsfordeling mellom dei eldste og dirigenten meine D2 er med på skape eit heilt unik felleskap som ein berre finn i eit skulekorps. D2 legg også ved at desse erfaringar ved å ta ansvar er gode eigenskapar som musikantane kan ta med seg seinare i livet.

Heilt til slutt nemner Dirigent 3 verdien rundt det at skulekorps ikkje har nokon reservebenk. Det at alle skal få lov til å del i aktiviteten gjennom tilpassing meine D3 er med på å skape eit viktig engasjement i skulekorpsa.

## 5. Drøfting

### 5.1 Ein kontinuerleg forandringsprosess

Om ein tar utgangspunkt i Organisasjonsutvikling som vart presentert av Busch & Vanebo, kapittel 2.1, kan ein sjå at alle tre dirigentane måte gjere drastisk endringar i prosessane sine for å oppretthalde aktiviteten i korpsa sine. Dette var ikkje noko dei var førebudd på. På grunn av dette vart det ein kontinuerleg prosess som var i stadig forandring. Dette gjorde sitt til at dirigentane stadig måtte vurdere situasjonen ut i frå kva som fungerte best for både dei og musikantane deira som. Knytt ein dirigentane sin erfaringar opp mot OU, kan ein sjå at deira oppleving av organisering under pandemien stemmer godt med korleis Busch & Vanebo illustrer den kontinuerlege prosessen for ein organisasjon sin utvikling.

Eit interessant aspekt drøfte rundt etter kvart som skulekorpsa kommer tilbake til normalen ligg i oppretthald av nye rutinar som vart presentert under pandemien. I dette tilfelle tenker eg spesielt på tanken rundt «Opptining/Frys» modellen som eg presenterte i teoridelen, kapittel 2.1. Denne modellen forutsette at organisasjonen sjølv har eit ønskje å endre ein dårleg vane som oppstått. Om ein ser dette i lyset av pandemien, oppstod dei prosessane på grunnlag av ein brå endring i rammeforhalda til skulekorpsa. Etter kvart som ting då går tilbake til normalen igjen vil det dermed i utgangspunktet ikkje vere noko behov for halde fast ved dei nye rutinane. Eg ser også for meg at skulekorpsa vil gradvis gå tilbake til sine gamle prosessar.

Men det betyr ikkje at dirigentane ikkje hadde nokon positive erfaringa knytt til pandemien.

### 5.2 Digitale verktøy har sin plass i skulekorpset

Tankesettet ved bruken av digitale verktøy som eit hjelpemiddel til øving, virka det ikkje som at noko dirigentane hadde tatt mykje til betraktning til før pandemien ramma Noreg. Dermed vart pandemien ein god mogleg for at dirigentane kunne teste og vurdere bruken av dette.

Det mest synlege aspektet som dirigentane såg på som ein positiv side ved bruken av digitale alternativ låg ved oppfølging. Dette gjaldt både innanfor musikalsk og sosialt basis. Ein kan til dømes sjå at både Dirigent 2 og Dirigent 3 var positive til bruken av digitale plattformer til oppfølging av enkelte musikantar. Ein slik digital oppfølging kan ha mykje å sei for å kunne utvikle musikantane.

Ein kan til dømes sjå at Dirigent 3 sin oppbygging av eit forum for skulekorpset gjennom Discord er med på å bygga opp under praksisfelleskap og sjølvbestemming teoriane. Dette forumet etablerer ein digital sone der musikantane kan kommunisere med kvarandre og utveksle tankar og idear. I tillegg er

også eit sted kor musikantane kan komme med innspel til kva for noko repertoar dei ville spele på konsertar i tillegg til å ta del i den musikalske diskusjonen saman med dirigenten. Med dette har dirigenten skapt eit digital miljø kor musikantane i fellesskap kan utvikle seg både musikalsk og sosialt.

Eit annet aspekt som vart presentert under intervjuet var at enkelte av dirigentane i starten sleit å planlegge gode digitale opplegg. Det førte til at dei tok inspirasjon frå kollegar. Dette kan sjåast i lyset av at dirigentane i det augneblikket hadde god nok teknologisk kunnskap til å legge til rette og planlegge gode pedagogisk opplegg. Ser me pandemien opp i mot å bygga opp teknologisk erfaring, kan me seie at denne perioden hadde ein positiv innverknad på den pedagogiske utviklinga i skulekorpset.

Skal me sjå på digitale verktøy i sin heilskap, vil eg konkludere med at det eit flott reiskap til å kunne å betre følga opp musikantane mellom øvingar. Dette kan igjen vere med på å auke den musikalske utviklinga til korpset og der igjen engasjementet deira. Men sjølv det om ligg positive innvendingar for å gå digitalt til verk er det viktig at skulekorpsa framleis oppretthalde den fysiske kontakten. Dette kommer eg meir innpå i kapittel 5.4

### **5.3 Viktigheita ved å legge opp til variert motivasjon**

Om ein ser på korleis dirigentane oppretthalde motivasjon og entusiasme i skulekorpsa sine, kan ein sjå mange ulike vinklingar. Ein kan til dømes sjå korleis Dirigent 3 sin metode for å motivera tenåringane kan sjåast i lyset av at ein forsøker å bygga ein indre motivasjon ut i frå eit ytre motivert stå sted. Ved å tilby musikantane ein ytre gevinst for øving, kan dirigenten etter kvart bygge dette til å bli ein autonom ytre motivasjon eller ein indre motivasjon, alt avhengig av kor interesser tenåringen er for å ville utvikle seg musikalsk.

Denne kan også vere eit tilfelle som kan oppstå etter kvart som dirigentane tilbyr ekstra oppfølging til musikantane sine. For dei som slit med motivasjonen sin kan, eit slik tilbod vere med på å styrke motivasjonen deira i riktig retning. Denne type bygging av motivasjon kan sjåast opp i mot den proksimale utviklingssonen. Sånn sett kan digitale hjelpemiddel vere med på utvide den ytre sirkelen mellom dirigent og musikanter.

### **5.3 Fysisk oppmøte er ein viktig del av fellesskapet til skulekorpsa**

Om ein ser på verdiane i eit skulekorps som vart presentert av dirigentane, kan ein sjå at mykje av verdiane er avhengig av fysisk møte mellom musikantane og dirigenten. Mykje av engasjementet og utviklinga som skjer i eit skulekorps oppstår på grunnlag av sosiokulturelle tilnærmingar. Dømer på

dette kan ein sjå gjennom dirigentane sine tankar om dei viktigaste verdiane i skulekorpset. Der nemnde Dirigent 1 korleis dei eldre i korpset som har «gått opp gradane» er med på å inspirere og motivere dei yngre musikantane.

Dette synet er også noko ein kan sjå frå informantane sine erfaringar under pandemien. I kapittel 4.3.4 kunne ein lese om at både Dirigent 2 og Dirigent 3 ikkje ser noko behov for å gjennomføre større ensemble øvingar digitalt. Dette argumenterte dei imot ved å sei at digitale øvingar er lite motiverande og lite inspirerande for både dirigenten og musikantane. Dette kan bli knytt opp mot at om kvar korpsmedlem er heima kvar for seg, miste dei moglegheita for å bli motivert av kvarandre sin speling. Ein digital øving kan også svekke ansvarskjensla som oppstår med dei eldre musikantane i korpset.

## 6. Konklusjon

Som ein kan sjå ut i frå det eg har presentert i denne teksten var pandemien ein interessant periode for dirigentar i eit skulekorps. Dirigentane måtte gi seg ut på eit ukjent farvatn dei som dei fleste hadde lite erfaring med frå før av. Om ein då ser tilbake på problemstillinga som vart presentert tidlegare: Kva for nokre erfaringar kan me ta med oss vidare ut ifrå dirigentane sin metodar for å oppretthalde aktivitet i korpsa sine?

Gjennom eit kvalitativt semistrukturert intervju med tre skulekorpsdirigentar har eg med eit fokus på bruken av digitale verkøy sett at det er plass til digitale løysingar eit skulekorps. Desse løysingane kan bli brukt som ein ekstra tilføyning av dei allereie etablerte rutinar som finnes i korpsa. Ein har sett at desse digitale alternative kan bli knytt opp om både dei musikalske og dei sosiale aspekta i organisasjonen.

Digitale alternativ til aktivitet i korpset kan vera ein god ting for å skape engasjement. Sjølv om det for nokre vart for mykje arbeid for dirigenten til at det kjennest verdt det for augneblikket, er det framleis noko som kan byggast vidare på. Ein kan mogleg sjå større bruk av dette etter kvart som den digitale «verktøykassen» blir fylt opp at ein vil sjå fleire vil ta det i bruk som ein vanleg del av korpsøvingane. Spesielt nå som me har fått prøvd ut ulike metodar under pandemien. Dette ville truleg nok ikkje har skjedd like fort dersom stenginga av Noreg ikkje hadde skjedd.

Men sjølv om det digitale har ein plass i korpstradisjonen, må ein ikkje gløyme dei sosiokulturelle fordelane ein får av at korpset møtest fysiske. Fellesskapet som oppstår mellom musikantane er med på utvikle dei både musikantar og som menneske, noko som kan vera vanskeleg å få til isolert foran ein digital skjerm. Ein kan dermed at sei at det framleis er det fysiske nærværet som er den viktigaste verdien i eit skulekorpset.

### 6.1 Tilnærmingar til vidare forskning rundt emnet

Ved seinare forskning, kunne det ha vore interessant å gjennomføre ein større kvantitativ spørjeundersøking med skulekorps musikantar og deira foreldre kor dei svarer på korleis dei erfarte bruken av digitale verkøy under pandemien. Det ville då ha vore interessant å sjå på om deira tankar samsvarar med dirigenten sine erfaringar rundt emnet, eller om dei har ein heilt anna oppfatning. Med utgangspunkt i at barn har eit større forhold til bruken digitale hjelpemiddel, vil eg ser for meg at dei mogleg har eit meir positive syn på bruken slike alternativ både på øving felles og heime.

Ein anna interessant vinkling for vidare forskning ville vert å utvide talet på informantar i frå ulike geografiske deler i Noreg. På denne måten kunne eg sjå på om erfaringar og verdiar var ulike i til dømes eit korps frå eit tettstrøk til forskjell frå eit korps frå ein bygd. Då kunne eg også har sett kva for nokre lokale tilbod som finnes i miljøet for skulekorpsa har å sei for engasjement for korpsverksemda i området deira.

## 7. Kjelder

Askland, L. & Sataøen, S. O. (2014). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. (3.utg.). Gyldendal Akademisk.

British Broadcasting Channel. (4. Mars, 2019). *Music education 'risks being outdated by technology'*. Henta frå: <https://www.bbc.com/news/education-47414952>.

Busch, T. & Vanebo, J.O. (2000). *Organisasjon, ledelse og motivasjon* (4.utg.). Universitetsforlaget.

Digital Didaktikk. (2022). *Læringsteoriar*. Henta frå <http://digitaldidaktikk.no/refleksjon/detalj/laeringsteorier>.

Digital Didaktikk. (2022). *TPACK-Modellen*. Henta frå <http://digitaldidaktikk.no/refleksjon/detalj/tpack-modellen>.

Eide, H. (2011). *Proksimale utviklingssonen-Modell*. Henta frå <http://hanne-eide.blogspot.com/2011/10/lev-vygotsky.html>.

Gilje, S. & Nornes, E.L. (2014). *Garageband i skolekorps – en medspiller for samspill og musikalsk opplæring?* [Masteroppgåve]. Høgskulen Stord/Haugesund. Henta frå: <https://hvelopen.brage.unit.no/hvelopen-xmlui/bitstream/handle/11250/223662/NornesGilje.pdf?sequence=1&isAllowed=y>.

Gjems, L. (2019). *Lære gjennom praksisfelleskap i barnehage, skole og profesjonell virksomhet*. I Bjørnsrud, H. & Gjems, L. (red.), *Praksisfelleskap for læring og profesjonsutvikling* (s. 16-35). Universitetsforlaget.

Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet – En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. (5.utg.). Cappelen Akademisk Forlag.

Hanken, I. M. & Johansen, G. (2016). *Musikkundervisningens didaktikk*. (2.utg.). Cappelen Damm Akademisk.

Hjelmbrekke, S. & Berge, O. K. (2010). *Når hornet er lagt på hylla – Fråfall av tenåringar frå musikkorps*. Henta frå <https://docplayer.me/3768152-Nar-hornet-er-lagt-pa-hylla-fracfall-av-tenaringar-fra-musikkorps-sigbjorn-hjelmbrekke-og-ola-k-berge.html>.



Koehler, M. (2012, 24. september). TPACK Explained. *TPACK ORG*. <https://matt-koehler.com/tpack2/tpack-explained/>.

Korpsnett Norge. (2022). *Informasjon om korps*. <https://www.korpsnett.no/nyheter/brosjyre-og-lydfil-norsk>.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal Akademisk.

Kvidal, H. (2009). Å være digital i musikkfaget. I Otnes, H. (Red.), *Å være digital i alle fag* (s. 209-224). Universitetsforlaget.

Norges Musikkorps Forbund. (2020). *Medlemsstatistikk 2020* [Statistikk]. <https://musikkorps.no/faerre-medlemmer-stabilt-pa-antall-korps/>.

Oddernes Skolemusikkorps. (u.å). *Korpsenes historie*. <https://oddernes.skolemusikkorps.no/default.asp?k=3943&id=19974>.

Rucsanda, M.D. Belibou, A. & Cazan A. M. (2021). *Students' Attitudes Towards Online Music Education During the COVID 19 Lockdown*. *Frontiers in Psychology*. [https://www.scienceopen.com/document\\_file/13d1078e-31d6-457f-a315-3a594ee09130/PubMedCentral/13d1078e-31d6-457f-a315-3a594ee09130.pdf](https://www.scienceopen.com/document_file/13d1078e-31d6-457f-a315-3a594ee09130/PubMedCentral/13d1078e-31d6-457f-a315-3a594ee09130.pdf).

Skaalvik, E. M. & Skaalvik, S. (2015). *Motivasjon for læring – teori og praksis*. Universitetsforlaget.

Säljö, R. (2013). Støtte til læring – tradisjoner og perspektiver. *Praktisk-pedagogisk utdanning*. En antologi. (s. 53-79). Fagbokforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i musikk (MU01-02)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløfter 2020. <https://www.udir.no/lk20/mus01-02>.

## 8. Vedlegg

### Vedlegg 1. Informasjonsskriv/Samtykkeskjema

#### **Vil du delta i forskingsprosjektet**

#### **«Koronakorpset» - Ei kvalitativ undersøking av skulekorpsdirigentar sine pedagogiske erfaringar knytt til å dirigere og leie eit skulekorps under ein global pandemi?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å sjå på kva for nokre endringar skulekorpsdirigentar måtte gjere for å halde aktiviteten oppe under korona-pandemien og kva for nokre erfaringar ein kan med oss vidare. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

### **Føremål**

Eg er bachelor student ved Høgskulen på Vestlandet der eg arbeider med ei problemstilling som omhandlar å sjå kva for nokre endringar to skulekorpsdirigentar måte gjere for å halde oppe aktiviteten i deira skulekorps under den pågåande pandemien. Her vil eg gjennom intervju sjå på kva for nokre endringar dei måtte foreta seg og om desse endringane kan bidra til betre pedagogisk utbytte i framtidig leiing og undervisning i skulekorps.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Med din bakgrunn som skulekorpsdirigent i perioden 2020 til 2022, ynskjer eg å spørje deg og ein anna om å delta som informant i prosjektet mitt.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du vil ta del i eit intervju. Dette intervjuet vil ta deg omlag 20-30 minutt å gjennomføre. Intervjuet inneheld spørsmål om korleis du handterte korpsøving før, under og etter pandemien og spørsmål knytt opp til erfaringar. Det vil bli gjort lydopptak under intervjuet som vil bli transkribert. Du vil få anledning til å sjå transkripsjonen av intervjuet i etterkant, for å klare opp eventuelle misforståingar eller manglar.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningane dine**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det vil berre vera student, Bjørnar S. Førde og rettleiar Rebecca Almås som vil ha tilgang på opplysningane dine under forskingsprosjektet. Lydopptaket vil bli kryptert under lagring, og anonymisert i transkripsjonen. Samtykkeskjema vil bli oppbevart i låsbart rom.

I publikasjonen vil det berre bli oppgitt yrkestittelen din og du vil dermed ikkje kunne kjennast att i publikasjonen.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Personidentifiserande opplysningar som samtykke og kontaktinformasjon vil bli sletta ved prosjektslutt som er planlagt til juni 2022. Lydopptak vil også bli slettet umiddelbart etter at anonymisert transkripsjon er gjennomført

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket. Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med: Personverntjenester, på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 53 21 15 00.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysningar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett ved:

Bjørnar S. Førde (student): Tlf 41 79 99 41 og e-post [bfoerde@yahoo.no](mailto:bfoerde@yahoo.no)

Rebecca Almås (rettleiar): Tlf 99 58 11 61 og e-post [ral@hvl.no](mailto:ral@hvl.no)

Personvernombud HVL: Trine Anikken Larsen, Tlf: 55 58 76 82, E-post: [personvernombud@hvl.no](mailto:personvernombud@hvl.no)

Venleg helsing

*Bjørnar S Førde*

(Forskar/student)

*Rebecca Almås*

(Rettleiar)

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet "*Pedagogiske erfaringar knytt rundt handtering av skolekorps under pandemien*" og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju og til at Bjørnar S. Førde kan lydfeste intervjuet gjennom lydopptak.

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

# Intervjuguide

## Bacheloroppgåve 2022

### Introduksjon:

Takke personen for at han/ho ville ta seg tid til å bli med på intervjuet. Husk å gi han munnleg beskjed om rettigheter for anonymitet og det å trekke seg.

### Intervjuet vil basere seg på tre hovuddeler:

#### 1. Før pandemien:

Mulig eit stort og åpent spørsmål å begynna med, men

Kan du kort beskriva korleis du strukturerte ein normal øving før pandemien

#### 2. Under pandemien:

##### Norge stengte ned. Det var ikkje lov å møtast fysisk

- Kva for nokre endringar gjorde du i starten for å halde oppe aktiviteten i korpset?
- Korleis påverka dette musikantane
- Gjorde du store endringar undervegs på metode for læring?
  - Kva for nokre endringar gjorde du?
- Korleis var det for deg å vera dirigent under pandemien?
- Kva meiner du vart den viktigaste faktoren for at musikantane vart motivert/engasjert under pandemien?

##### Tok du i bruk digitale verktøy som alternativ?

- Korleis/kvifor ikkje
- Dersom du har brukt noko digitale verktøy, korleis tok du dei i bruk?
- Var dette noko du hadde erfaringar med frå før av?

##### Oppfølging og tilbakemelding av/frå musikantane:

- Kva for nokre tilbakemeldingar har du fått frå musikantane under pandemien?
- Merka du noko endring på motivasjon blant musikantane under pandemien?
  - Vart noko fråfall grunna dette?

##### Formell og uformell læring:

- Gjorde du nokon endringar i «undervisning» for det vart lagt meir vekt på sjølvstyrt arbeid for medlemmene i korpset?

- Tok korpsmedlemme større ansvar?
  - Viss ja, på kva måte gjorde dei det?

### **3. Etter pandemien**

- Kva for nokre erfaringar tar du med deg vidare når ting nå ha opna opp igjen?
  - Ser du for deg å vidareføre opplegg som du gjorde under pandemien
  - På kva måte/kvifor ikkje?

#### **Generelt om skulekorps tradisjonar:**

Ein har jo sett ein «trend» i Norge med rekrutterings problem i skulekorps samanheng, i tillegg til tankar om musikk faget generelt føles utdatert.

Er dette eit tankesett du er eining?

- Kva for nokre verdiar har skulekorpsmiljø som skilje seg ut frå andre fritidsaktivitetar?
- Eventuelt, kva for nokre endringar synest du bør skje for å få opp interessa for skulekorps?
- Trur du at skulekorpstradisjon må endra seg for holda tritt med samfunnet?
- Kva trur du har størst innflytelse på motivasjon og læring til musikantar i skulekorps?

## Vedlegg 3. Godkjenning av meldeskjema frå NSD

### Vurdering

01.02.2022

Skriv ut

### Referansenummer

416221

### Prosjekttittel

«Koronakorpset» - Ei kvalitativ undersøking av skulekorpssdirigentar sine pedagogiske erfaringar knytt til å dirigere og leie eit skulekorps under ein global pandemi

### Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for kunstfag

### Prosjektperiode

11.02.2022 - 30.06.2022

### Dato

01.02.2022

### Type

Standard

### Kommentar

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg, og eventuelt i meldingsdialogen mellom innmelder og Personverntjenester. Behandlingen kan starte.

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til den datoen som er oppgitt i meldeskjemaet.

#### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

## PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

## DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

## FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). Ved bruk av databehandler (spørreskjemaleleverandør, skylagring eller videosamtale) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

## MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

## OPPFØLGING AV PROSJEKTET



Personverntjenester vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!